

Ungdomsrådet hadde møte 19. november. I den forbindelse kjem vi med ein uttale i forhold til budsjettet:

1. Ungdomsklubben: Vi er glade for at ungdomsklubben ikkje vart prioritert som sparetiltak. Klubben har stor betydning for mange ungdommar, spesielt dei som ikkje har andre aktivitetar. Det er eit kjempegodt oppmøte, og vi ser at tilbodet vert brukt som tenkt.
2. Ungdomsskule: Det er behov for miljøarbeidarar på ungdomsskulen for å sikre eit godt læringsmiljø og støtte til elevane.
3. Helse og omsorg: Det er ikkje lurt å kutte i verken sengeplassar eller tilbodet til demente. Det er viktig å tenke på den kommande eldrebølga. Skulane kan omstrukturert for å møte desse behova.
4. SFO-tilbodet: SFO-tilbodet bør ikkje endrast. Det bør halde ope til 16:30, men det er positivt om det vert mogleg å kjøpe seg meir plass ved behov.
5. Eigedomsskatt: Vi stiller spørsmål ved kor lurt det er å auke eigedomsskatten når alle tilboda i kommunen vert dårlegare. Dette kan påverke nye byggefelt og nyetablering av familiar. Det skal vere attraktivt å flytte heim til Hareid.
6. Samfunnsutvikling og konsulentar: Vi stiller spørsmål ved behovet for prosjektleiarar når vi ikkje skal ha prosjekt. Dette bør vurderast nøye.
7. Sentraladministrasjonen: Det kan vere for mange postar i sentraladministrasjonen. Dette bør gjennomgåast for å sjå om det er mogleg å redusere kostnadene.
8. Utleige av ungdomsklubben: Det er greitt med eit tanke på slitasje, men kanskje kunne vi tenkt på å tene litt inn att? Vi kan ikkje leige ut billig og risikere at ting vert øydelagt, noko som vil vere eit tapsprosjekt. Forslaget såg greitt ut.
9. Samfunnsutvikling og Robek: Som nemnt på møtet, når vi no er inne på Robek, vil det ikkje vere mogleg med særleg mange investeringar. Det er viktigare å halde på assistentar som jobbar på sjukeheimen og skulane. Vi bør vurdere å kutte i talet på juristar og ingeniørar, og berre ha det absolutt nødvendige antal tilsette.
10. Servicetorget: Vi bør også sjå på Servicetorget. Det har vore periodar der bortimot ingen har vore der. Å fjerne nokre av desse stillingane, om mogleg, vil vere mykje meir effektivt enn å kutte i talet på assistentar, som er viktige å ha og har forholdsvis låge lønner.
11. Effektivitet i kutta: Det vil merkast meir om 8 assistentar mistar jobben, enn om til dømes 4 juristar eller ingeniørar mistar jobben. Juristar, prosjektleiarar og ingeniørar har ofte dobbelt så høg lønn, så det vil vere meir effektivt å kutte i desse stillingane.

Pranaya Selva
For Hareid ungdomsråd